

Statens vegvesen

firmapost@vegvesen.no

Referanse 20/16800

Knarvik, 14. oktober 2021

Høyringsuttale - framlegg til kommunedelplan for E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset

Regionrådet Nordhordland viser til skriv frå Statens vegvesen datert 01.09.21 «*Kommunedelplan med konsekvensutredning, Arna og Åsane, E16/E39 Arna – Vågsbotn - Klauvaneset. Arealplan-ID 61200000. Varsel om høring og offentlig ettersyn*».

Regionrådet støttar tilråd parsell, alternativ N1, med lang tunnel mellom Vågsbotn og Klauvaneset, og kryssprinsipp A i Vågsbotn slik det kjem fram i framlegg til kommunedelplan for E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset. Regionrådet støttar også at trafikkgulerande tiltak med skilt og oppmerking berre skal kunne etablerast etter vedtak frå Statens vegvesen etter Veglova.


Regionrådet er særst opptatt av at det no vert sikra optimal framdrift på parsellen Vågsbotn – Klauvaneset slik at det kan bli oppstart av prosjektet i fyrste periode av NTP. Dette er eit prosjekt som Regionrådet i årevis har jobba for – og venta på. Vegen har svært stor ÅDT på ein to-felts trafikkfarleg veg med særst mange av- og påkøyringar.

Regionrådet ber derfor om at evt. konfliktområde på parsellen Vågsbotn - Arna ikkje forseinkar oppstart på parsellen Vågsbotn – Klauvaneset, og at Bergen kommune si handsaming av kommunedelplanen tar omsyn til dette. I neste omgang ber Regionrådet om at reguleringsprosessen vert gjennomført som to adskilte reguleringsplanar.

Regionrådet vil vidare be om at Bergen kommune set ned eit eige utval med fokus på framdrift av parsell Vågsbotn - Klauvaneset bestående av representantar for Statens vegvesen, Bergen kommune og Regionrådet Nordhordland, og at dette utvalet har jamlege møter framover.

Regionrådet har tett samarbeid med Nordhordland Næringslag i arbeidet med å få på plass ny veg mellom Vågsbotn og Klauvaneset, og næringslaget sluttar seg til høyringsuttalen.

Med venleg helsing



Karstein Totland

Leiar

Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Region Nordhordland IKS

Kopi: Kommunane i Region Nordhordland
Byrådsleiar Roger Valhammer, Bergen kommune
Fylkesordførar Jon Askeland, Vestland fylkeskommune